



Arkivsak 200707091-2  
Arkivnr. 044  
Saksh. Aardal, Sigrid Helene/ Størksen, Karina

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Fylkesutvalet	06.11.2007

## **HØYRINGSUTTALE - FORSKRIFT TIL DEN NYE OFFENTLEGLOVA**

### **SAMANDRAG**

Justisdepartementet har sendt på høyring forskrift til den nye offentleglova. Det blir teke sikte på at den nye offentleglova og forskrifta skal ta til å gjelde frå 1. januar 2008.

Offentleglova vil avløyse offentleglova frå 1970. Det er gitt fleire forskrifter med tilknytning til den gamle offentleglova. Det blir lagt opp til at desse forskriftene skal opphevast og erstattast av ei forskrift til den nye lova.

I forskrifta er det gjeve nærare reglar om kva organ lova og enkelte reglar ikkje gjeld for. Det er og gjeve nærare reglar om kva dokument ein har innsyn i, når ein kan ta betaling for kopiar og kva organ som skal gjere journalen tilgjengeleg på Internett.

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til Justisdepartementet sitt høyringsforslag til ny forskrift til offentleglova slik det går fram av høyringsbrevet av 04.09.2007.

Hordaland fylkeskommune meiner at ein må vera restriktiv med å opna for å kunna søkja på personnamn og på eksterne søkjemotorar.

Paul M. Nilsen

Sigrid Helene Aardal

Vedlegg: Utkast til offentlegforskrift.

## **FYLKESRÅDMANNEN, 23.10.2007:**

Justisdepartementet har sendt på høyring forskrift til den nye offentleglova. Det blir teke sikte på at den nye offentleglova og forskrifta skal ta til å gjelde frå 1. januar 2008.

Offentleglova vil avløyse offentleglova frå 1970. Det er gitt fleire forskrifter med tilknytning til den gamle offentleglova. Det blir lagt opp til at desse forskriftene skal opphevast og erstattast av ei forskrift til den nye lova.

Offentleglova vil innebere viktige endringar jamført med gjeldande lov, bl.a. når det gjeld reguleringa av verkeområdet, unntaksføresegnene og elektronisk tilgjengeleggjing av journalar og dokument. Dette medfører at det er behov for å regulere ein del spørsmål i forskrift som ikkje er dekte av gjeldande forskrifter. Den nye lova medfører òg behov for endringar i andre forskrifter som viser til gjeldande lov, eller som ikkje samsvarer med den nye lova.

Den nye offentleglova har eit utvida verkeområde jamført med gjeldande lov. I offentleglova er lagt opp til at det i fleire paragrafer er opna for å gje nærare presiseringar eventuelt unntak gjennom forskrift.

### **Unntak frå verkeområdet til offentleglova.**

Etter offentleglova § 2 kan det fastsetjast i forskrift at lova heilt eller delvis ikkje skal gjelde for eit sjølvstendig rettssubjekt når det er "nødvendig ut frå omsynet til arten av verksemda, konkurransesituasjonen eller andre særlege tilhøve". I forslaget til forskrift er det i § 1 gjort ei konkret opplisting av kven lova ikkje vil gjelda for. I tillegg har ein fastsett ein generell regel om at lova ikkje skal gjelde for sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette. Særleg innan kultursektoren, men og på andre områder, vil det finnast rettssubjekt som berre har eit styre og ingen fast tilsette. Slike rettssubjekt vil falla utanfor lova i følgje forslaget til forskrift. Dette vil gjelde utan omsyn til om eit sjølvstendig rettssubjekt har tilknytning til staten eller til ein eller fleire kommunar

Departementet har i tillegg vurdert om det bør gjelde særlege reguleringar av verkeområdet for sjølvstendige rettssubjekt knytte til kommunar. Departementet har kome til at dette neppe vil vere formålstenleg, fordi det her er tale om ei rekke ulike verksemder, slik at det neppe vil vere mogleg med generelle reguleringar.

### **Betaling for innsyn**

Hovudregelen i offentleglova § 8 er at innsyn skal vere gratis. I § 8 andre og tredje ledd er det heimel for å gi forskrift om betaling for innsyn.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen ein regel om at det kan krevjast betaling for kopiering og liknande til papir og utsending når talet på ark kjem over hundre i éi sak. Det kan då krevjast éi krone per ark utover ark nr. 100 og i tillegg betaling for kostnadene ved heile utsendinga

Etter offentleglova § 30 første ledd andre punktum kan det som hovudregel krevjast papirkopi eller elektronisk kopi av dokument. Offentleglova § 30 første ledd femte punktum inneheld ein forskriftsheimel som gir høve til å gjere unntak frå retten til elektronisk kopi for materiale som tredjeperson har immaterielle rettar til, og frå retten til alle slags kopiar for dokument der det er påkravd av arkivtekniske omsyn.

Departementet foreslår å bruke denne forskriftsheimelen, slik at det ikkje vil vere rett til elektronisk kopi av materiale som tredjeperson har immaterielle rettar til, og at det ikkje vil vere rett til kopi av dokument som kan bli skadde eller øydelagde ved kopiering.

### **Tilgjengeleggjing av journalar og dokument på Internett**

I samsvar med det som er uttalt i proposisjonen, foreslår departementet at departementa, Statsministerens kontor og alle dei statlege direktorata og tilsyna som fører elektronisk journal, skal gjere han tilgjengeleg for allmenta på Internett. Dette er meint å omfatta alle større statlege organ som har heile landet som virkefelt.

På sikt, etter kvart som ein vinn erfaring, kan det bli aktuelt å utvide ordninga ytterlegare, slik at ho vil omfatte stadig fleire organ, bl.a. fylkeskommunar og større kommunar.

Innhaldet i journalen som skal gjerast tilgjengeleg for allmenta på Internett, skal i utgangspunktet vere lik den vanlege offentlege journalen.

Departementet har i utkastet ikkje foreslått å avgrensa i kva grad det skal vera råd å søkje på personnamn, og ønskjer innspel frå høyringsinstansane om dette. Departementet har peika på at det kan vera ei ulempe ved ei slik avgrensing. Tenesta vil blir mindre brukarvennleg, bl.a. ved at det blir vanskelegare for pressa å drive undersøkjande journalistikk enn i dag.

Eit anna spørsmål som også reiser personvernproblemstillingar, er om det bør vere råd å søkje på innhaldet i dei elektroniske journalane ved hjelp av eksterne søkjemotorar, f.eks. Google, AltaVista eller Kvasir, eller om ein ikkje skal kunne få treff på innhaldet i journalane utan først å gå vegen om portalen. For brukarar som ikkje er kjende med tenesta, vil søk frå eksterne søkjemotorar gjere ho meir brukarvennleg. På den andre sida talar personvernomsyn mot at det skal vere mogleg å få treff ved søk frå eksterne søkjemotorar, fordi dette vil gjere det lettare å etablere personprofilar. Derfor må dette også sjåast i samanheng med kva løysing ein landar på i spørsmålet om eventuell søkjesperre på personnamn. Departementet vil sjå resultatet av høyringa før ein konkluderer på desse punkta.

Offentleglova § 10 tredje ledd første punktum er det slått fast at eit organ kan, men ikkje har plikt til, å gjere dokument tilgjengelege på Internett. Unntak er gjort for opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov

Departementet foreslår å følgje opp det som er uttalt her, ved at det i utkastet er lagt opp til at opplysningar som er rekna som ømtolige etter personverndirektivet og personopplysningslova, ikkje skal kunne takast med ved utlegging av dokument på Internett. Det blir vidare foreslått at opplysningar om personnummer og lønn og godtgjering til fysiske personar ikkje skal kunne leggjast ut på Internett, med unntak for opplysningar om lønn og godtgjering til personar i leiande stillingar i det offentlege og i leiande stillingar og i styret i sjølvstendige rettssubjekt.

### **Reglar om unntak frå innsynsretten**

I offentleglova § 14 tredje ledd er det heimel for å gi forskrift om at det ikkje skal kunne gjerast unntak for organinterne dokument i bestemte statlege eller statleg tilknytte organ.

Departementet foreslår å bruke forskriftsheimelen på dokument frå administrasjonen til styret i helseføretak og frå administrasjonen til kollegial eining ved universitet og høgskolar.

For at innskrenkingane i unntakshøvet for organinterne dokument skal få den tilsikta effekten, er det ønskeleg å innføre journalføringsplikt for organinterne dokument som det ikkje kan gjerast unntak for på grunnlag av at dei er organinterne. I utkastet er det derfor foreslått endringar i arkivforskrifta som vil innebere journalføringsplikt for slike dokument som er omfatta av offentleglova § 14 andre ledd og § 16. og dessutan av føresegna i offentlegforskrifta som gjer unntak frå unntakshøvet for organinterne dokument.

### **Unntak for journalar og dokument**

Offentleglova § 27 første ledd gir heimel til å fastsetje forskrift om at det kan gjerast unntak frå innsyn for journalar og alle dokument på saksområde der det kan eller skal gjerast unntak frå innsyn for hovuddelen av dokumenta. Slik forskrift kan berre fastsetjast når særleg tungtvegande grunnar talar for det.

Unntaka i den gjeldande forskrifta er ganske omfattande. Departementet sitt syn er at ein i minst mogleg utstrekning bør ha reglar som gir høve til å gjere unntak for journalar og dokument på heile

saksområde. Ein bør her heller falle tilbake på dei vanlege reglane i lova som allereie i stor grad vil gi høve til unntak.

### **Vurdering**

Fylkesrådmannen stiller seg positiv til ei meir vidtrekkande offentleglov. Samstundes er det ein reell fare for at opplysningar som er unnateke frå offentleggjering kan sleppe ut ved mistak. Slike mistak vil være svært skadeleg for den det gjeld, særleg ved tilgjengeleggjering av dokument på Internett. Det vil også kunne opplevast som ubehageleg for ein person som henvender seg til det offentlege at journalopplysninga eller henvendelsen vert lagt ut på Internett, noko som vil bli forsterka ved søking på personnamn. Desse personvern hensyn finn fylkesrådmannen å vera avgjerande for spørsmålet om det skal vere tilgong til å søkje på personnamn i journal eller dokument, da søking på personnamn i denne samanhengen vil kunne forsterke dei negative konsekvensane ved offentleggjering. I tillegg kan det trekkjast fram at det er fullt mogleg ved hjelp av andre søkjekriterium, for eksempel sakstype, å skaffa oversikt over forvaltningspraksis eller å utøve kontroll med forvaltninga. Tilgjengeleggjering av personopplysningar bør ikkje gjerast i større utstrekning enn nødvendig på grunn av personvern hensyn, herunder risiko for etablering av personprofilar. Fylkesrådmannen er av den oppfatning at det ikkje bør vere tilgong til å søkje på personnamn.

Dei nemnte omsyn finn fylkesrådmannen også å vera avgjerande for spørsmålet om det skal vera råd å søkje på innhaldet i dei elektroniske journalane ved hjelp av eksterne søkjemotorar. Dei omsyn som talar for innsyn, bl.a kontrollomsyn, rettstryggleik og openheit, vil i mindre grad gjera seg gjeldande for dette spørsmålet. Tvert i mot kan ikkje fylkesrådmannen sjå at det skal vere eit velbegrunna behov for søk på innhald i journalar ved hjelp av eksterne søkjemotorar, då den nye offentleglova legg til rette for at innsyn i journalar vil bli svært lett tilgjengeleg. Når det gjeld pressa si verksemd, vil andre søkjekriterier enn personnamn kunne nyttast til å drive undersøkjande journalistikk.

Når det gjeld tilgjengeleggjering av journalar på Internett er ikkje fylkeskommunen gjennom forskrifta pålagt å gjera dette. Departementet har uttalt at ein ved erfaring av praktisering av dette vil sjå om ein skal utvida dette til å gjelda andre organ enn dei som er nemnde i forskrifta. Mange fylkeskommunar og kommunar, deriblant Hordaland fylkeskommune har allereie lagt ut sine journalar på Internett. Dette gjer at allmenta får større tilgang og kan lettare gjere seg kjent med dei dokumenta som er aktuelle. Det har vist seg at spørsmål etter dokument har auka etter at journalen vart lagt ut på Internett.

Med dei erfaringane som er gjort i Hordaland fylkeskommune ser fylkesrådmannen det som positivt at dette vert pålagt å gjera for dei organ som er nemnde i forskrifta, og at det på sikt bør verta pålagt for fleire organ å leggja journalen ut på Internett.